

## Høyringsinnspel kring det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune

Høyringsinnspelet er frå:

- Bjorli og Rånå Grendeutval, Lesjaskog Grendeutval og Lesjaverk Grendeutval. Grendeutvala representerer alle innbyggjarane i dei tre grendene.
- Lesjaskog IL, Lesjaskog Bygdekvinnelag og Lesjaskog Skulemusikk.

Høyringsinnspelet vart skrivne i eit felles møte med representantar frå dei ovanfor nemnte utval og lag/foreiningar, den 24.mars 2026.

Vi meiner at det er riktig å legge ned Lesjaskog Skule og det offentlege grunnskuletilbodet på Lesjaskog. Hovudgrunnen til dette er at vi ynskjer velkomen ei ny løysing som kan gje stabilitet og mogleg vekst i denne delen av kommunen. Vi har stor tru på Fjellnær Friskule, og på lokalsamfunnet her.

Å ha ein 1. – 10. nærskule på Lesjaskog, er livsnerven og hjartet i lokalsamfunnet. Det er essensielt for barn og unge sin identitet, det å høyre til, samhald og trivsel. Det gjev sosiale møteplassar på tvers av generasjonar, og det opprettheld det gode samarbeidet skulen har med næringsliv, lokale lag og foreiningar og nærmiljøet elles.

Ein 1. – 10. skule på Lesjaskog, betyr alt for at folk ynskjer å fortsetje å bu her i området, og for at folk vil flytte attende hit eller flytte hit. Vi har hatt mange tilflyttingar i denne delen av kommunen i tida like før ungdomsskulen vart flytta til Lesja, og tilnærma ingen tilflytting etterpå. Folk ynskjer ein skule nær der dei bur eller vil busette seg. Nærskuleprinsippet, som vil seie at elevar skal gå på skule i sitt eige nærmiljø og ha kort og trygg skuleveg, er noko vi meiner er særskild viktig og verdifullt.

Fjellnær Friskule har ein tydeleg verdiprofil som mange kan identifisere seg med. Lesjaskog Friluftsbarnhage scora høgt på GD si undersøking om foreldretilfredsheit i barnehagane i Lillehammer og Gudbrandsdalen tidlegare i år. Det at Fjellnær Friskule vil vidareføre friluftprofilen frå barnehagen og utover i heile skuleløpet, set vi pris på og ynskjer veldig velkomen.

Kommunedirektøren har uttalt i media at Bjorli er viktig for Lesja sin utvikling, og at det vil foregå ei fortsett satsing på Bjorli frå kommunen si side. Vi meiner det er naturleg at privatskuleinitiativet på Lesjaskog blir ynskt velkomen og støtta i samband med dette også.

Vi har forstått det slik at Lesja Kommune har ønska innsparing både i høve til bygningsmasse og i høve til stillingar. Oppstart av Fjellnær Friskule i Lesjaskog Skule sine lokalar, vil føre til at Lesja Kommune blir kvitt både bygningsmasse og lønnskostnader til arbeidstakarar som vel å gå over til Friskulen. Slik sett håpar og oppmodar vi til at Lesja Kommune kan vise støtte og velvilje til privatskuleoppstarten ved å selje skule – og samfunnshusbygget for ein billigast mogleg penge.

Grendeutvala representerer alle innbyggjarane i grendene sine. Frivillige lag og organisasjonar som idrettslag, skulemusikk og bygdekvinnelag består av mange av dei same menneska. At den offentlege skulen på Lesjaskog må leggjast ned for at Fjellnær Friskule skal kunne etablerast, er folkeviljen her i området. Det har synt seg gjennom spørjeundersøkingar Fjellnær Friskule har utført, det har synt seg gjennom andelskjøp i Friskulen, det har synt seg gjennom uttaler til UDIR, og det syner seg no gjennom dei gode søkjertala på elevplassar og stillingar ved Fjellnær Friskule. Vi håpar at engasjementet i området her, både hos barn og unge, vaksne og eldre; ja heile bygdesamfunnet, blir sett positivt på. Her er det folk som vil bygge og bu, gå i barnehage og på skule, arbeide, og delta i fritidsaktiviteter, dugnader og elles i store og små hendingar i nærmiljøet sitt. Vi ynskjer å bidra til positivitet, bulyst, vekst og trivsel i heile Lesja kommune, og vi meiner Fjellnær Friskule vil styrke heile kommunen, både innad og utad. Saman får vi det til!

Med helsing

Lesjaskog Skulemusikk, Lesjaskog Idrettslag, Lesjaskog Bygdekvinnelag, Lesjaverk Grendeutval, Lesjaskog Grendeutval og Bjorli og Rånå Grendeutval.